



## MØTEBOK

### Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 27.04.2016

Klokka 09.00 – 14.00

Stad: Ullensvang heradshus, Kinsarvik

Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Anved Johan Tveit  
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum til kl 12.30  
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard – Rådsordfører  
Kvam herad: Ordfører Jostein Ljones  
Odda kommune: Ordfører Roald Aga Haug frå kl 11.00  
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge  
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsvaraordfører  
Rådmannsforum: Rådmann Joakim Øren, Ulvik herad  
Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim og Konsulent Trude Rinaldo

Forfall:

Rådmannsforum: Rådmann Siv Helle Prestegard, Jondal kommune

#### Agenda:

09.00 – 09.15 Cruise Destination Hardangerfjord – orientering ved Helge Møller  
09.15 – 12.00 Sakshandsaming  
12.00 – 12.30 Lunsj  
12.30 – 13.00 Harding Puls - Orientering ved Solfrid Aksnes  
13.00 – 14.00 Fylkesmannen v/ Landbruksdir. Åse Vaag - Orientering

Orienteringar:

Helge Møller orienterte om planar 2017 – 2018 – 2019 for Cruise Destination Hardangerfjord. Presentasjonen er vedlagt til denne møtebok.

Solfrid Aksnes orienterte om Harding Puls

Landbruksdirektør Åsa Vaag orienterte om status for landbruket i Hardangerkommunane.

**Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste som så vart godkjent.**

**Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:**

Solfrid Borge og Hans Petter Thorbjørnsen

**Saker til handsaming i Regionrådet:**

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

**HR-sak 20/16 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 28/16.**

- Uttale vedr. sterke sentra.
- Uttale til endringar i kommunelova.
- Orientering om aktuelle prosjekt.
- Endringar vedr. Tine meierier

**HR-sak 21/16 Meldingar**

**Vedtak:**

- Meldingane vert tekne til vitande.
- HR-sak 22/16 Hardanger-Berlin. Vidareføring av leigeavtale for Kunstnarbustaden i Berlin.**
- Regionrådet drøfta saka.  
Når Odda trekte seg ut av denne avtalen vart det sendt tilbod til Voss kommune om å overta Odda sin plass. Voss kommune har ikkje svart på denne invitasjonen.
- Vedtak:**  
Hardangerrådet tilrår, under føresetnad om positivt vedtak i alle 7 herads-/kommunestyra å oppretthalda leigeavtalen for kunstnarhusværet i Berlin for 3 nye år dvs. 2017 – 2018 – 2019.  
Forlenging av avtalen forutset at:
- Alle 7 Hardangerkommunane deltar i ordninga med kostnadsfordeling i samsvar med Hardangerrådsnøkkelen.
  - Tilbodet om opphald gjeld for utøvande kunstnarar, kunstprodusentar og kuratorar med tilknytning til Hardanger.
  - Periode for opphald vert enten 1 mnd eller 2 veker. Tildelingsnemnd forestår fordeling av opphald mellom innkomne søknader.
- HR-sak 23/16 NTP 2018 – 2029 Høyringsuttale til Hordaland fylkeskommune Høyringsfrist 13. mai 2016.**
- Ved handsaming av denne sak var det 6 ordførarar tilstades.
- Regionrådet drøfta om uttalen skal innehalda eit punkt som omtalar framtidige vegforbindelsar mellom austlandet og vestlandet.
- Forslag til tilleggspunkt inn i uttalen:  
Det vert innarbeidd eige punkt som omtalar aust-vest forbindelsane. Her vert referert det einstemmige vedtak gjort i HR i samband med uttale til aust-vest utgreiinga. I tillegg vert det gjort formulering om krav om KVU på arm frå E134 til Bergen.
- Det vart føreteke prøveavrøysting om uttalen skulle ha eit tilleggspunkt som omtala aust-vest forbindelsane.  
Dette forslaget vart vedteke mot 2 røyster.  
Endeleg avrøysting fekk same resultat.
- Vedtak:**  
Uttale til Nasjonal Transportplan 2018 – 2029 vert vedteken slik den ligg føre etter gjennomgang i Hardangerrådsmøtet 27.04.2016.  
Einstemmig vedteke.
- Tilleggspunkt vart vedteke mot 2 røyster. Det var 6 røyster tilstades ved handsaming av denne saka.
- HR-sak 24/16 Vedlikehald av bustad- og jobbopplysningar på hardanger.com. Søknad om midlar frå «restmidlar RNH» innleige av ressurs til vedlikehald 2016 – 2017.**
- Spørsmål om habilitet for Hans Petter Thorbjørnsen vart diskutert. Regionrådet konkluderte med at Hans Petter ikkje er innhabil i saka.
- Trude Rinaldo orienterte om kva tenester som skal utførast innanfor denne tenesta.
- Vedtak:**  
Hardangerrådet løyver kr 200.000 frå restmidlar RNH til oppdatering av Jobb i Hardanger og Hus i Hardanger på nettsida www.hardanger.com. Løyvinga gjeld for 2016 og 2017.

**HR-sak 25/16 Bruk av endra Hardangerlogo. Søknad frå Reisemål Hardanger Fjord.**

**Vedtak:**

Hardangerrådet godkjenner at Reisemål Hardanger Fjord får nytta bruk av «Hardangerfjord» istadenfor «Hardanger» i tilknytning Hardangerlogoen.

**HR-sak 26/16 Status for kommunestrukturprosessen i Hardanger – Gjensidig informasjon frå kvar kommune**

Denne saka vart pga tidsmangel ikkje handsama i møtet.

**HR-sak 27/16 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.**

Denne saka vart pga tidsmangel ikkje handsama i møtet.

**HR-sak 28/16 Orienterings- og drøftingssaker**

- Uttale vedr. sterke sentra.
- Uttale til endringar i kommunelova.
- Orientering om aktuelle prosjekt.

**Møteboka godkjent 27.04.2016.**

Jon Larsgard  
Rådsordførar

Solfrid Borge  
Rådsmedlem

Hans Petter Thorbjørnsen  
Rådsvaraordførar